



Lars Haugland har fått løyve til dyrking, planering og drenering av eit 3 dekar stort beiteareal på oversida av bygningane på bruket hans. Han er ein av fleire av gardbrukarane i bygda som verkeleg satsar.

Haugland treng å utvida forgunnlaget og saksbehandlar Tore Eik kan ikkje sjå at tiltaket vil ha negative fylgjer for naturmangfaldet i området.

Dykingsfeltet ligg inntil eksisterande traktorveg. Det vert difor ikkje nye vegar i samband med prosjektet og det vil ikkje ha negative konsekvensar for filuftslivet i området, meiner kommunen.

Arbeidet skal vera avslutta innan 3 år og det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane. Vert det funne fornminne skal fylkeskonservatoren varslast

Haugland har 18 mjølkekyr, 36 ungdyr og 17 sauer.

Det aktuelle området ligg ovanfor vegen på biletet

Tekst og foto Ola Matti Mathisen